



Utvalg: Kontrollutvalet
Møtestad: Kommunestyresalen, Kommunehuset i Samnanger
Dato: 12.02.2018
Tidspunkt: 14:00 - 17:30

Følgjande faste medlemmer møte:

Navn	Funksjon	Representerer
Brigt Olav Gåsdal	Leiar	AP
Anne Tandstad	Nestleiar	SP
Svein Verner Røseth	Medlem	FRP
Vibeke Bohre Våge	Medlem	H
Øystein Foss	Medlem	BL

Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Navn	Funksjon	Representerer
------	----------	---------------

Følgjande varamedlemmer møte:

Navn	Møtte for	Representerer
------	-----------	---------------

Merknader

Andre som møtte:

Navn	Stilling
Unni-Renate Moe	Partner / rekneskapsrevisor Deloitte – i heile møtet
Hilde-Lill Våge	Ass. Rådmann i PS 3/18
Knut Harald Frøland	Ordførar til og med RS 2/18 og 3/18 (deler av debatten i denne saka)
Kari Nygard	Seniorrådgjevar Hordaland fylkeskommune – i heile møtet

Brigt Olav Gåsdal
utvalsleiar

Kari Marie Nygard
utvalssekretær

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Saksliste

Utvalgs- saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv- saksnr
PS 1/18	Godkjenning av innkalling og sakliste		
PS 2/18	Godkjenning av protokoll frå forrige møte		
PS 3/18	Orienteringssak om arbeid med oppfølging etter forvaltningsrevisjon av internkontroll		2014/226
PS 4/18	Byggerekneskap for idrettsanlegget i Hagabotnane		2016/48
PS 5/18	Byggerekneskap for nytt biblioteklokale på Bjørkheim		2016/48
PS 6/18	Byggerekneskap for ny vegtrase Totræna		2016/48
PS 7/18	Årsmelding for kontrollutvalet i Samnanger kommune 2017		2016/81
PS 8/18	Møteplan for kontrollutvalet i Samnanger kommune 2018		2016/14
PS 9/18	Budsjett for kontroll- og tilsynsarbeid 2018 - fordeling innanfor ramme		2016/37
PS 10/18	Ny personvernlov frå 2018 - Konsekvensar for kommunane		2018/7
PS 11/18	Kurs i regi av Deloitte 2018		2014/426
PS 12/18	Referatsaker		
RS 1/18	Utvalet sitt kvarter		2014/240
RS 2/18	Notat til kontrollutvalet vedr. vedtak i formannskapet om vegtrasse Economuse		2014/240
RS 3/18	Saksframlegg til formannskapet 01.02.18 - Vegtilkomst til Economuseet Fjordtønna		2014/240
RS 4/18	Vedtak i kommunestyret vedr. revidert notat etter konsesjonssak Aldalselva		2016/97
RS 5/18	Rapport frå tilsyn med Samnanger kommune - rettstryggleik ved bruk av tvang og makt overfor personar med utviklingshemming		2015/135
RS 6/18	Rapport etter tilsyn vedr. Barnehagelova - tilrettelagt tilbod til barn med nedsett funksjonsevne		2015/135
PS 13/18	Gjennomgang av møteprotokollar frå andre politiske utval		2015/133
PS 14/18	Eventuelt		

PS 1/18 Godkjenning av innkalling og sakliste

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 12.02.2018

Handsaming i møtet:

Det var ingen merknader til innkalling og sakliste.

Vedtak:

Innkalling og sakliste vart samrøystes godkjent.

PS 2/18 Godkjenning av protokoll frå forrige møte

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 12.02.2018

Handsaming i møtet:

Det kom ingen merknader til protokoll frå møte i kontrollutvalet 04.12.17.

Vedtak:

Møteprotokoll frå kontrollutvalet sitt møte 04.12.17 vart samrøystes godkjent.

PS 3/18 Orienteringssak om arbeid med oppfølging etter forvaltningsrevisjon av internkontroll

Forslag til vedtak

Alternativ nr. 1: Kontrollutvalet seier seg nøgd med det som kjem fram i tilbakemeldinga frå rådmannen når det gjeld forvaltningsrevisjon av internkontroll for Samnanger kommune og seier seg ferdig med saka.

Alternativ nr. 2: På bakgrunn av at tiltak som gjeld skal vera ferdig ber kontrollutvalet om ny status på arbeidet i form av skriftleg tilbakemelding innan

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 12.02.2018

Handsaming i møtet:

Assisterande rådmann Hilde-Lill Våge orienterte om saka. Informasjonsnotat datert 12.02.18 vart delt ut og gjennomgått. Informasjonen var om dei digitale rapporteringssystema «Kvalitetsstyring» og «Bedre styring». Desse er nå teke i bruk og noko opplæring er gjennomført. Utfordringa er å få nok tid til å få systema godt implementert i arbeidsdagen og å få lagt inn grunnlagsdata som prosedyrar og rutinar. Politisk delegeringsystem er ennå ikkje ferdig. Målsetjing er å ta dette opp i juni-møte i kommunestyret.

Kontrollutvalet seier seg i hovedsak nøgd med informasjonen om oppfølgingsarbeid som er gjort. Utvalet ønskjer å få seg førelagt delegeringsreglementet når dette er godkjent av kommunestyret, fortrinnsvis i første møte til hausten. Kontrollutvalet vil då og ta stilling til om ein skal seie seg ferdig med oppfølgingsarbeidet etter forvaltningsrevisjonen. Vidare ønskjer utvalet at det kan leggest opp til ei årleg rapportering om korleis internkontrollsystema fungerer og vert brukt i det daglege arbeidet.

Vedtak som vart fatta var samrøystes.

Vedtak:

1. Kontrollutvalet seier seg i hovedsak nøgd med arbeidet som er utført med oppfølging etter forvaltningsrevisjon av internkontroll.
2. Utvalet ber om å få seg førelagt delegeringsreglement når dette er godkjent.
3. Utvalet ber om ei årleg rapportering om korleis internkontrollsystema fungerer og er i bruk.

PS 4/18 Byggerekneskap for idrettsanlegget i Hagabotnane

Forslag til uttale

Kontrollutvalet tilrår at kommunestyret godkjenner prosjektrekneskap for idrettsanlegget i Hagabotnane.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 12.02.2018

Handsaming i møtet:

Unni-Renate Moe orienterte om korleis revisjonen arbeider når dei gjev uttale til saker av denne typen. Kontrollutvalet drøfta saka og forslag til uttale vart samrøystes vedteke.

Uttale:

Kontrollutvalet tilrår at kommunestyret godkjenner prosjektrekneskap for idrettsanlegget i Hagabotnane.

PS 5/18 Byggerekneskap for nytt biblioteklokale på Bjørkheim

Forslag til uttale:

Kontrollutvalet tilrår at kommunestyret godkjenner prosjektrekneskap for nytt bibliotek på Bjørkheim.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 12.02.2018

Handsaming i møtet:

Byggerekneskapen vart gjennomgått og drøfta. Forslag til uttale vart samrøystes vedteke.

Uttale:

Kontrollutvalet tilrår at kommunestyret godkjenner prosjektrekneskap for nytt bibliotek på Bjørkheim.

PS 6/18 Byggerekneskap for ny vegtrase Totræna

Forslag til uttale

Kontrollutvalet tilrår at kommunestyret godkjenner prosjektrekneskap for ny vegtrase Totræna.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 12.02.2018

Handsaming i møtet:

Byggerekneskapen vart gjennomgått og kommentert. Spørsmålstilling om kostnad med innsparing av arbeid med prosjektstyring i eigenregi bør føras i slike prosjekt vart drøfta. Kontrollutvalet vil oppmoda om at dette vert vurdert i framtidige prosjekt. Med denne merknaden vart forslag til uttale samrøystes vedteke.

Uttale:

Kontrollutvalet tilrår at kommunestyret godkjenner prosjektrekneskap for ny vegtrase Totræna.

PS 7/18 Årsmelding for kontrollutvalet i Samnanger kommune 2017

Forslag til innstilling

Kommunestyret godkjenner årsmelding for kontrollutvalet for 2017.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 12.02.2018

Handsaming i møtet:

Årsmeldinga vart gjennomgått og kort kommentert. Det kom ikkje framlegg om å gjera endringar i årsmeldinga, slik den ligg føre. Forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.

Innstilling:

Kommunestyret godkjenner årsmelding for kontrollutvalet for 2017.

PS 8/18 Møteplan for kontrollutvalet i Samnanger kommune 2018

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet legg opp til denne møteaktiviteten i 2018:

Dato:	Merknad:
12.02.2018	Under avvikling
14.05.2018	
03.09.2018	
16.10.2018	
05.12.2018	

Møtedatoane vert å senda over til kommunen for å bli lagt inn i møteplan / møteoversyn på heimesida til Samnanger kommune.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 12.02.2018

Handsaming i møtet:

Det kom forslag om å endra møtedato for desember-møtet. Det vart og drøfta at det kan vera aktuelt at møtet som er sett opp i oktober kan utgå dersom saksmengda tilseier det. Grunngeving for dette er å oppnå innsparing på kontrollutvalet sitt budsjett. Med endring av møtedato i desember vart forslag til vedtak samrøystes vedteke.

Vedtak:

Kontrollutvalet legg opp til denne møteaktiviteten i 2018:

Dato:	Merknad:
12.02.2018	Under avvikling
14.05.2018	
03.09.2018	
16.10.2018	Vert å vurdere ut frå saksmengde
03.12.2018	

Møtedatoane vert å senda over til kommunen for å bli lagt inn i møteplan / møteoversyn på heimesida til Samnanger kommune.

PS 9/18 Budsjett for kontroll- og tilsynsarbeid 2018 - fordeling innanfor ramme

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet godkjenner det framlagde forslaget til budsjett for kontroll- og tilsynsarbeid for 2018, innanfor den vedteken ramma på kr 633.115,-.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 12.02.2018

Handsaming i møtet:

Kontrollutvalet gjennomgjekk budsjettsaka. Det vart opplyst at det i desembermøte i kommunestyret blei vedteke nye satsar for møtegodtgjering. Satsane er ikkje justert i kontrollutvalet sitt budsjett. Utvalet ber om at sekretariatet tek dette opp med økonomikontoret.

Ordførar opplyste om at det skal vera møte i formannskapet 11. og 12. april, her skal premissar for oppsett av budsjett og langtidsbudsjett drøftast. Kontrollutvalet vert invitert til å presentera sitt budsjett og kva som ligg til grunn for dei einskilde postane i budsjettframlegg som vert utarbeida kvar haust. Sekretariatet får i oppdrag å utarbeida eit skriftleg notat og senda dette over til kommunen i tide før møte i formannskapet, og at kontrollutvalsleiar får gje ein presentasjon og svara på spørsmål om kontrollutvalet sitt budsjett-behov.

Kontrollutvalet merka seg og at det ligg inne ei underdekking av midlar i høve til behov i ramma som er gjeve. Det er ikkje tilstrekkeleg til å dekkja arbeidet med forvaltningsrevisjon av innkjøp, som er starta opp, og det er ikkje midlar til å ta på seg ekstra oppgåver som evt. kan koma til i løpet av året. Kontrollutvalet vil eventuelt koma tilbake og søka om ekstra midlar på eit seinare tidspunkt. Etter drøfting vart det fatta samrøystes vedtak.

Vedtak:

1. Kontrollutvalet godkjenner det framlagde forslaget til budsjett for kontroll- og tilsynsarbeid for 2018, innanfor den vedteke ramma på kr. 633.115,-.
2. Kontrollutvalet merkar seg at det no ligg inne ei underdekking av midlar i høve til kontrollutvalet sitt behov i 2018. Utvalet vil eventuelt koma tilbake og søka om ekstra midlar på eit seinare tidspunkt.
3. Sekretariatet får i oppdrag å utarbeida eit skriftleg notat om kontrollutvalet sitt budsjett, i forkant av formannskapet sitt møte 11.-12. april -18.

PS 10/18 Ny personvernlov frå 2018 - Konsekvensar for kommunane

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet ber rådmannen til neste møte å svara skriftleg på dei 7 spørsmåla som går fram av drøftingspunktet over når det gjeld status i arbeidet med tilpassing til ny personvernlov. Det skriftlege svaret vert å senda til sekretariatet innan 23.04.2018.
2. I tillegg ber kontrollutvalet rådmannen om å koma i møte 14.05.2018 for å orientera munnleg om saka.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 12.02.2018

Handsaming i møtet:

Saka vart kort gjennomgått og kommentert. Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

1. Kontrollutvalet ber rådmannen til neste møte å svara skriftleg på dei 7 spørsmåla som går fram av drøftingspunktet over når det gjeld status i arbeidet med tilpassing til ny personvernlov. Det skriftlege svaret vert å senda til sekretariatet innan 23.04.2018.
2. I tillegg ber kontrollutvalet rådmannen om å koma i møte 14.05.2018 for å orientera munnleg om saka.

PS 11/18 Kurs i regi av Deloitte 2018

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet ber om at Deloitte gjennomfører kurs innan (dato)
2. Kontrollutvalet ber om at Deloitte gjennomfører kurs innan (dato)
3. Sekretariatet vert beden om å ta seg av det praktiske med organisering og avvikling av kursa, gjerne i samarbeid med kommuneadministrasjonen.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 12.02.2018

Handsaming i møtet:

Kontrollutvalet drøfta aktuelle kurs. Det var semje om at ein vil gjennomføra kurs innan samfunnsansvar og antikorrupsjon. Målgruppe bør vera kommunestyret, dei frå administrasjonen som har høve til å delta og kontrollutvalet. Sekretariatet får i oppdrag å samarbeide med ordførar og administrasjon om gjennomføring og å finna møtedato. I første møte på hausten vert det teke opp om det er aktuelt med eit nytt kurs i haust-halvåret. Vedtak som vart fatta var samrøystes.

Vedtak:

1. Kontrollutvalet ber om at Deloitte gjennomfører kurs innan samfunnsansvar og antikorrupsjon. Målgruppe skal vera kommunestyret, kontrollutvalet og administrasjonen.
2. Sekretariatet får i oppdrag å ta seg av det praktiske med organisering og avvikling av kursa i samarbeid med ordførar og kommuneadministrasjonen.

PS 12/18 Referatsaker

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 12.02.2018

Handsaming i møtet:

RS 01/18 – Utvalet sitt kvarter.

- Det var ingen saker å ta opp under utvalet sitt kvarter.

RS 02/18 – Notat til kontrollutvalet vedr. henvending frå formannskapet om vegtrasse til Economuse.

RS 03/18 – Saksframlegget til formannskapet 01.02.18 om «Vegtilkomst

- Henvendinga frå formannskapet er lagt fram for kontrollutvalet som referatsak, og kontrollutvalet drøfta ut frå opplysningane i saka. Ordførar var og tilstades under drøftinga, men måtte gå frå møtet før referatsaka var ferdig.
- Kontrollutvalet konkluderte med at dei ikkje vil ta henvendinga frå formannskapet opp som sak i dette møtet. Sekretariatet får i oppdrag å utarbeide eit notat som skal sendast til kommunestyret.

Notatet skal innehalda grunngjevingar for at kontrollutvalet ikkje vil ta saka opp på noverande tidspunkt.

RS 04/18 – Vedtak i kommunestyret vedr. revidert notat etter konsesjonssak Aldalselva.

- Teke til orientering.

RS 05/18 – Rapport frå tilsyn med Samnanger kommune – rettstryggleik ved bruk av tvang og makt overfor personar med utviklingshemming.

- Teke til orientering.

RS 06/18 – Rapport etter tilsyn vedr. Barnehagelova – tilrettelagt tilbod til bqarn med nedsett funksjonsevne.

- Teke til orientering. Kontrollutvalet ber om å få kopi av svarbrev til Fylkesmannen og evt. melding om lukking av avviket.

RS 07/18 – Årsrapport frå skatteoppkrevjar for 2017.(ettersendt før møtet).

- Teke til orientering

RS 08/18 – Kontrollrapport frå Skatteetaten for 2017. (ettersendt før møtet).

- Teke til orientering

Vedtak:

RS 02/18 – Notat til kontrollutvalet vedr. henvending frå formannskapet om vegtrasse til Economuse.

RS 03/18 – Saksframlegget til formannskapet 01.02.18 om «Vegtilkomst til Economusee Fjordtønna.»

- Kontrollutvalet vil ikkje ta henvending frå formannskapet opp som sak i dette møtet. Det vert sendt notat til kommunestyret med grunngjeving for dette.

RS 06/18 – Rapport etter tilsyn vedr. Barnehagelova – tilrettelagt tilbod til barn med nedsett funksjonsevne.

- Kontrollutvalet ber om å få kopi av svarbrev til Fylkesmannen og evt. melding om lukking av avviket.

Referatsakene vart ellers teke til orientering.

PS 13/18 Gjennomgang av møteprotokollar frå andre politiske utval

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tek møteprotokollane til orientering.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 12.02.2018

Handsaming i møtet:

Aktuelle møteprotokollar vart gjennomgått og kommentert. Det var ingen saker ein ville be om meir informasjon om på noverande tidspunkt. Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Kontrollutvalet tek møteprotokollane til orientering.

PS 14/18 Eventuelt

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 12.02.2018

Handsaming i møtet:

- Unni-Renate Moe frå Deloitte orienterte om stoda for arbeid med forvaltningsrevisjon av innkjøp. Arbeidet er så langt i rute etter oppsett tidsplan.
- Sekretariatet orienterte om at det vil bli skifte av person når det gjeld sekretær for kontrollutvalet. Grunnen til dette er at Kari Nygard vil bli ugild til å utføra sekretæroppgåver når nær slektning av henne startar i jobb i administrasjonen. Avklaring om kven som vil vera fast sekretær for kontrollutvalet vidare vil bli teke stilling til av sekretariatet i løpet av våren.

Vedtak:

Kontrollutvalet tek meldingane under eventuelt til orientering.